

Barnehagekjøken stettar ikkje krava**23.09.2011**

Kjøkenet ved Uskedalen Barnehage stettar ikkje krava til bruk for matlaging for nærmare 50 personar på det meste - born og personale. Det framstår som slitt og delvis med utstyr som ikkje lenger er tenleg.
Det skriv Mattilsynet i ein rapport etter inspeksjon og dei varslar vedtak om pålegg fordi dei vurderer regelbrotet som ålvorleg.

Med frist til 1. desember krev Mattilsynet at det skal etablerast eige handvaskepunkt i kjøkenet, framleggjing av plan for korleis matframbodet kan skje i framtida og utføring av naudsynt vedlikehald på oppvaskmaskina, eventuelt bytta ut denne.

Det blir mellom anna opplyst i rapporten at taket viser teikn på lekkasje og ventilasjonsanlegget er nedstøva. Veggene er ubehandla treverk som nokre stader er svært opphakka og slitt. Komfyren er ein vanleg hushaldningsovn og delvis defekt,
Barnehagen må ha rutinar for kontroll ev temperaturar og skriftlege internkontrollrutinar.

Av Ola Matti Mathisen